



Referat for kommunemøte torsdag 26. mars

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka, KS og fylkeskommunen

Ikkje til stades: Fitjar kommune, Stad kommune og Sveio kommune

1. Informere/presisere

Nytt telefonmøte med kommunane førstkommande måndag 30. mars kl. 14.30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

Fylkesdirektør i Nav, Anne Kverneland Bogsnes, vert med på neste møte. Ho gir ei orientering om Nav sitt arbeid under pandemien. Det vert gitt rom for at ho kan svare på nokre spørsmål.

2. Timeføring for deltidsmannskap i brannvesenet som er permittert frå hovudjobben

Vi er informert av Sunnfjord kommune om at det har vore diskutert korleis personar som er deltidstilsett i brannvesenet skal føre timar for bakvakt når dei er permittert frå hovudstillinga si (innrapportering i samband med mottak av dagpengar). Problemstillinga vart følgt opp av Fylkesmannen i Innlandet som fekk følgjande tilbakemelding frå Nav Innlandet:

Den som mottek dagpengar som permittert, og som har periodar med arbeid i stønadperioden, må føre timar med arbeid på meldekorta. Personar som har bakvakt, skal føre opp minst 1/7 av tida som inngår i bakvakta. Det er dermed ikkje slik at alle timar med bakvakt skal førast som timar med arbeid. Den enkelte må sjekke sin arbeidsavtale for å finne ut kor mange timar dei får løn for i vaktordninga. Dersom ein kallast ut på oppdrag vil slike arbeidstimar lønnast særskilt, og dei må dermed førast opp i tillegg.

3. Gravferder

Björgvin bispedøme melder om at dei har sett ned den maksimale grensa for personar som kan delta i gravferder til 25 personar. Dette talet omfattar både dei pårørande og medverkande i gravferda.

4. Ekom

Nasjonalt kommunikasjonsmyndiget (Nkom) har rapportert om at per no er situasjonen i ekom-netta (telenetta) normal. Det er ikkje meldt om feil eller kapasitetsproblem.

Fleire kommunar nyttar SMS for å varsle innbyggjarane. Nkom oppmodar om å avgrense teksten til 160 teikn i kvar melding når det er mogleg. Større meldingar vert automatisk delt opp og vil difor ta mykje kapasitet i nettet. Nkom oppmodar difor om å unngå for stor belastning.

Nkom og NSM melder om aukande svindelforsøk i samband med Covid-19. Det kan vere falske e-postar, «Spoofing», «Phishing» og liknande. Kommunane bør gjere dei tilsette merksame på problemet og informere om at dei t.d. må unngå å klikke på mistenkelege lenkjer og vedlegg.



5. Informasjon om dekning av tap og utgifter som følge av koronaviruset

Den klare hovudregelen er at den enkelte private part sjølv må dekke egne tap og utgifter i samband med ulike tiltak som er vedtekne av helsemyndighetene etter smittevernlova som følgje av koronautbrotet. Lovleg myndighetsutøving vil i utgangspunktet ikkje utløyse eit erstatningsansvar. Vedtak om smitteverntiltak som ikkje er heimla i lova, kan utløyse erstatningsansvar for tap dersom vedtaka er gjorde ved aktløyse.

Les meir om dette i rundskriv I-2/2020 frå Helse- og omsorgsdepartementet:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv---informasjon-om-dekning-av-tap-og-utgifter-som-folge-av-koronaviruset/id2693221/>

6. Kommunale utgifter og kompensasjonar frå staten

Staten har løyvd 250 millionar i akutte skjønnsmidlar som skal fordelast på kommunane. Vestland har fått tildelt 23,7 millionar som skal fordelast på kommunane. Vi legg opp til å fordele dei ekstra skjønnsmidlane til koronarelaterte utgifter før påske, i samsvar med fordelingsmodellen vi har diskutert med KS. Der får alle kommunane får ein viss sum, medan resten vert fordelt ut frå ein nøkkel for storleik.

Kommunane bør føre utgiftene som følgjer av pandemien på eige prosjektnummer, for å lette arbeidet med å svare ut moglege kompensasjonar. Det er ikkje ein garanti for at kommunane vil få refundert alle ekstrautgifter, men det er venta at staten vil kome med meir midlar etter kvart. Vi ber om at kommunane følgjer med på tiltaka som staten kjem med. Vi informerer kommunane om ulike kompensasjonsordningar så raskt vi kan.

For meir informasjon viser vi til e-posten vi sendte til alle kommunane 18. mars.

7. Hytteforbodet

Intensjonen bak hytteforbodet er ikkje å hindre smitte, men å hindre at for mange har opphald i ein kommune som ikkje har kapasitet i helsetenestene til å ta seg av dei som måtte bli sjuke.

Den sterke oppmodinga frå nasjonale myndigheiter er å unngå unødige fritidsreiser. Dette er ikkje eit forbod.

Verken kommunen eller Fylkesmannen har høve til å gi godkjenning og dispensasjon for bruk av fritidseigedom.

Hytteforbodet råkar berre overnatting i fritidsbustader utanfor eigen kommune. Ytterlegare presiseringar:

- Overnattingsbesøk til familie eller vener er lov
- Overnatting i bubilar eller båtar er lov
- Overnatting i hytter i eigen kommune er lov
- Overnatting på hotell er lov
- Overnatting i telt er lov
- Reine omgåingar av forbodet er neppe lov, til dømes å overnatte i båt, bubil eller telt utanfor hytta si



Det er nasjonal merksemd på problemstillingane knytt til bruk av båt og campingvogn. Inntil det eventuelt kjem andre føringar, må vi halde oss til dei presiseringane som er gitt i dag.

Forskrifta gjeld kvar einskild som overnattar i fritidseigedom og ikkje dei som medverkar til tenester som gjer det mogleg å overnatte.

På nettsida til Fylkesmannen er det lagt ut enkel informasjon om temaet som kommunen kan vise til: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/smittevern/koronavirus/hytteforskrifta/>

Fylkesmannen informerte om at søknadar om flyttemelding til hytte ikkje vert prioriterte av Folkeregisteret.

8. Helsehjelp

Fylkesmannen har fått meldingar om at det er få pasientar som oppsøker fastlegar og som vert vist til spesialisthelsetenesta. Dersom dette er uttrykk for at folk ikkje tør å søke helsehjelp, er det urovekkande. Vi ber kommunane følgje med på utviklinga.

9. System for rapportering av utstysbehov

Rapporteringsløysing for innmelding av utstysbehov frå kommunane til Helsedirektoratet via Altinn er på plass. Kommunane skal bruke denne løysinga. Fylkesmannen skal ikkje lengre vere mellomledd ved innmelding. Helsedirektoratet vil kome med meir informasjon.

Det er viktig at kommunen sikrar oversikt og melder inn over det samla behovet for smittevernutstyr i kommunen. Tannlegar og gravferdsbyrå skal melde sine behov gjennom kommunen, og kommunen må passe på at dette vert med i oversikta som vert sendt inn. Lokalt politi skal gå gjennom etatslinja, og ikkje gjennom kommunen.

Kommunen oppmodast framleis til skaffe/kjøpe det som er mogleg i ordinære kanalar.

10. Fordeling av utstyr

Helseføretaka vil få utdelt utstyr, som vidare skal fordelast mellom føretaka og kommunane. Fordeling av utstyr skjer i koordineringsgruppene mellom kommunane og helseføretaka. Verken kommunar eller helseføretak kan vente å få dekkja alle behov som er melde inn. Det er stor uvisse knytt til kva utstyr som kjem, og ein kan ikkje vente å få informasjon om utstyret før det kjem.

Det er viktig å sikre god informasjon internt i kommunen om kontaktpunkt, for spørsmål og informasjon knytt til utstyrsfordeling og leveransar.

Dersom nokon av kommunane har akutt behov for utstyr må dei melde frå til koordineringsgruppa knytt til sitt helseføretak, slik at ein kan prøve å få til ein omdisponering av tilgjengeleg utstyr. Fylkesmannen ber òg om å bli informert viss slike mangelsituasjonar oppstår.

Koordineringsgruppene vil etter kvart òg få oppgåver knytt til rekruttering og omdisponering av personell. Helse Bergen har allereie starta opp eit slikt arbeid. Vi kjem tilbake med meir informasjon når det kjem klarare føringar for korleis dette skal gjerast.



11. Koronasenger

Fylkesmannen kjem til å sende ut eit eige rapporteringskrav til kommunane for å få ei oversikt over korleis de planlegg å opprette koronasenger som anbefala i pandemirettleiaren. Vi ønskjer ei oversikt slik at vi kan bidra til å støtte dei som treng hjelp til dette seinare.

12. Innkjøp av medisinar i kommunane

Fylkesmannen kjenner ikkje til konkrete planar om nasjonal samordning av medisinutlevering. Vi har bedd Statens legemiddelverk undersøke dette nærmare og samtidig om grossistane har god leveringskapasitet på dei viktigaste medisinane ved lindrande behandling (morfin, midazolam, haldol, robinul).

Vi har heller ikkje kjennskap til at vi skal ta imot bestillingar på oksygenkonsentratorer. Vi tilrår at de tek kontakt med koordineringsgruppa for å undersøke om det eventuelt kan samordnast med dei.

13. Utanlandske legar

Dersom personar er omfatta av unntaka i ankomstforskrifta § 2, skal det ikkje takast avgjersler eller gjerast vedtak om unntak frå reisekarantene. Er ein person omfatta av unntaket, vil ikkje karanteneplikta gjelde. Unntaka frå karanteneplikta inntreer difor utan løyve frå helsemynde, tollmynde eller politi.

For meir informasjon sjå rundskriv I-3/2020: [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/i-32020-rundskriv-om-forskrift-om-karantene-mv.-ved-ankomst-til-norge/id2694716/?utm_source=www.regjeringen.no&utm_medium=epost&utm_campaign=nyhetsvarsel%2024.03.2020-15:19&utm_content=Koronavirus%20\(Covid-19\)](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/i-32020-rundskriv-om-forskrift-om-karantene-mv.-ved-ankomst-til-norge/id2694716/?utm_source=www.regjeringen.no&utm_medium=epost&utm_campaign=nyhetsvarsel%2024.03.2020-15:19&utm_content=Koronavirus%20(Covid-19))

Vi viser til råda Frå FHI som gjeld unntak frå heimekarantene for tilsette i helsetenesta. Råda er veldig klare på kven ein ikkje bør kalle tilbake av dei tilsette i karantene, og vi viser til desse i sin heilskap: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/tiltak-i-primarhelsetjenesten-ved-mistenkt-eller-bekreftet-smitte-med-nytt-/#raad-om-unntak-fra-hjemmekarantene-for-ansatte-i-helsetjenesten>

14. Testing

Det er avgrensa kapasitet på laboratoria, og tilgang på reagensar og testutstyr. All testing skal difor gjerast etter dei nasjonale og regionale tilrådingane. Det er uvisst når kapasiteten vil auke slik at ein vil kunne test breiare.

15. Barnevern

Vi har stor merksemd på utsette barn og unge og korleis dei vert ivareteke.

Fylkesmannen går gjennom svara på kartlegginga som vart føreteke av Bufetat på onsdag. Kartlegginga viser at akuttberedskapen er svært sårbar i fleire kommunar. Det er viktig at kommunane følgjer med på dette.



Vi ber kommunane vere kreative og finne måtar å løyse utfordringar på, spesielt knytt til lovpålagt samvær og moglegheita til å ta kontakt med barnevernstenesta, både for barn og foreldre.

16. Orientering om skule og barnehage

Ei førebels forskrift innan fagfeltet har vore på høyring og vert truleg snart vedteke. Vår vurdering er at forskrifta svara godt og klart på mange av spørsmåla som er stilt av kommunane, både om barnehage- og skuleopplæring. Vi vil vidareformidle informasjon om denne så fort det føreligg.

Det er kome ei ny tilråding frå departementet om at fleire barne og unge med særlege omsorgsbehov bør få eit tilbod i barnehage og skular, jf. tilråding frå arbeidsgruppa, nedsett av Hdir som har sett på tilhøva for denne gruppa.

Fylkesmannen har dei siste dagane vore i kontakt med alle kommunane i fylket. Det visar seg at kommunane har ein motiveringsjobb å gjere, for å få unge og foreldre til å ta imot tilboda som er sett i verk. Fylkesmannen oppmodar om å fortsetje kontakten mellom kommunane, foreldre og unge. Gruppa som skal inkluderas i tiltaka vil sannsynlegvis auke, og terskelen for å nytte seg av tilboda gå ned.

Spørsmål om omsorgstilbod i samband med feriedagar og påske er meldt inn til direktoratet og ligg no til departementet for avklaring.

Private barnehagars landsforbund har oppmoda alle private barnehagar om fakturere for april. Departementet er gjort kjent med problemstillinga og følgjer den opp.

I denne perioden kan det vere vanskeleg for skular, kommunale og friskulane, å gje eit opplæringstilbod som fullt ut er i tråd med læreplanar og med enkeltvedtak om spesialundervisning. Spørsmålet som er reist er om kommunen skal/kan krevje refusjon frå friskulane for spesialundervisning som ikkje er gjennomført i tråd med vedtaket.

Frå Fylkesmannen si side er vi usikre på om dette i prinsippet er annleis enn det som gjeld for anna opplæring som ikkje fullt ut er i tråd med føresetnadane finansieringa legg opp til. Men, vi vil uansett minne skuleeigarar, kommunale og friskular, om at plikta til å gje opplæring gjeld, så langt det lar seg gjennomføre og er forsvarleg ut frå situasjonen.